


# LexicoNordica

Titel: Bokmål og nynorsk som kjelde- og målspråk i internordiske ordbøker

Forfatter: Marit Hovdenak

Kilde: LexicoNordica 8, 2001, s. 93-110

URL: <http://ojs.statsbiblioteket.dk/index.php/lexn/issue/archive>



© LexicoNordica og forfatterne

## Betingelser for bruk af denne artikel

Denne artikel er omfattet af ophavsretsloven, og der må citeres fra den. Følgende betingelser skal dog være opfyldt:

- Citatet skal være i overensstemmelse med „god skik“
- Der må kun citeres „i det omfang, som betinges af formålet“
- Ophavsmanden til teksten skal krediteres, og kilden skal angives, jf. ovenstående bibliografiske oplysninger.

## Søgbarhed

Artiklerne i de ældre LexicoNordica (1-16) er skannet og OCR-behandlet. OCR står for 'optical character recognition' og kan ved tegngenkendelse konvertere et billede til tekst. Dermed kan man søge i teksten. Imidlertid kan der opstå fejl i tegngenkendelsen, og når man søger på fx navne, skal man være forberedt på at søgningen ikke er 100 % pålidelig.

*Marit Hovdenak*

## **Bokmål og nynorsk som kjelde- og målspråk i internordiske ordbøker**

There are many bilingual dictionaries between Norwegian and the other Nordic languages, differing a lot in size, age etc. The paper deals with the use of either of the written standards *Nynorsk* and *Bokmål* – or both – as source languages and target languages in these dictionaries.

*Bokmål* developed from Danish, which was the only written language in Norway for centuries. *Nynorsk* is based on the dialects of Norway and was launched as a written norm for a new Norwegian language about 1850. The linguistic difference between the two standards is relatively small, partly because of spelling reforms. More than half the vocabulary is common to the two standards. The standards are by law given equal official standing, but *Bokmål* has remained the majority written language. Most bilingual dictionaries from or to Norwegian are in *Bokmål*, mostly in a more traditional subvariety than the official *Bokmål* standard.

In several of the newer bilingual dictionaries from Norwegian to a Nordic language *Bokmål* and *Nynorsk* are united in one list, with common words and forms unmarked, whereas specific words and forms have different markers. In some of the dictionaries the source language is mainly *Bokmål*, supplemented with the most frequent *Nynorsk* words. – This way of dealing with the bilingual situation in Norway seems at last partly successful, although it does have its problems.

There are also bilingual Nordic dictionaries where the source language is monolingual *Nynorsk* or *Bokmål*.

As a target language *Bokmål* is the dominant language. There are a couple of dictionaries with *Nynorsk* as target language, and one dictionary which combines the two in a somewhat complicated and space-demanding system.

It is desirable to have bilingual dictionaries to and from both written standards of Norwegian. It is possible to combine them as source language, but hardly as target language.

### **Innleiing**

Emnet for denne artikkelen er bruken av norsk – bokmål og/eller nynorsk – i ordbøker mellom norsk og andre nordiske språk. Formålet er dels å kartlegge fordelinga mellom dei to skriftspråka i allmennspråklege internordiske ordbøker. Eg går ut frå at nynorsk som minoritetsspråket av dei to er det minst brukte i desse ordbøkene. Dessutan er formålet å sjå på kva løysingar redaktørane har valt når dei freistar å avspegle tospråkssituasjonen i Noreg. Det kan vere nyttig for framtidige ordbokprosjekt.

Eg har for det meste avgrensa meg til å registrere om det er bokmål og/eller nynorsk som er brukt, og korleis det kjem fram i makro- og mikrostrukturen i ordbøkene. Berre i liten grad har eg gått inn på emne som korleis andre skilnader mellom dei to språka enn dei ortografiske er behandla i desse ordbøkene. Ein typisk tittel blant dei bøkene som artikkelen omfattar, er *Norsk-dansk ordbog*, der målspråket er dansk og samstundes morsmålet til målgruppa. Ordet *norsk* i tittelen på ordbøker kan stå for ulike former for norsk språk. Ofte er det synonymt med 'bokmål', sjeldnare er det synonymt med 'nynorsk'. I nokre tilfelle kan norsk omfatte både bokmål og nynorsk, eventuelt med hovudvekta på eitt av dei.

## Materialet

For å finne materiale til kartlegginga har eg teke utgangspunkt i den lista Nordisk språkråd har sett opp over internordiske ordbøker. Lista er meint som ei praktisk hjelp i grannespråksforståinga og har difor først og fremst med nyare titlar der dei finst. I gjennomgåinga av materialet har eg eit sideblikk på andre tospråklege ordbøker enn dei internordiske, m.a. ordbøker mellom engelsk og norsk, og eg kjem litt inn på fagordbøker. I alt har eg komme til 28 allmennspråklege internordiske ordbøker av nyare dato. Eg har talt med ordbøker som har komme ut etter 1950, også om dei berre er nye opplag av tidlegare utgåver.

Tabellen nedanfor viser kor mange bøker som finst med bokmål og/eller nynorsk:

	<b>kjeldespråk</b>	<b>målspråk</b>
norsk = nynorsk	1	3
norsk = bokmål	3	13
norsk = bokmål og nynorsk	5	1
norsk = mest bokmål, litt nynorsk	4	0

26 av bøkene har norsk anten som kjelde- eller målspråk. *Skandinavisk ordbok* står i ei særstilling blant dei internordiske ordbøkene, ho er trespråkleg. *Finsk-norsk-finsk lommeordbok* er bidireksjonal. Ho kom ut både i Finland, med tittel på finsk, og i Noreg, med norsk tittel. Også fleire andre av ordbøkene har komme ut i begge landa. Ordbøkene er meir eller mindre kontrastive, dei fleste bruker lite plass på det som er likt, og konsentrerer seg difor om skilnadene mellom kjeldespråket og målspråket.

Som teksta nedanfor viser, er det éi ordbok som har berre nynorsk som kjeldespråk, Dahl og Lindström (1965). Tre av ordbøkene har nynorsk målspråk: Víglundsson og Lehmann (1967), Lehmann (1987) og Ulset (1989). Ei einaste kombinerer bokmål og nynorsk som målspråk, Orkland og Raastad (1985). Ordbøkene frå norsk har oftast nynorsk med i større eller mindre grad, anten jamstilt med bokmål eller med ein del vanlege nynorskord og -former som supplement. Dei ordbøkene som behandlar nynorsk på like fot med bokmål, er dei skandinaviske grunnordlistene, *Skandinavisk ordbok*, Fowler mfl. (1992) og Orkland og Raastad (1993).

### **Om bakgrunnen for tospråkssituasjonen i dag**

Ivar Aasen la grunnlaget for det nynorske skriftspråket ikring 1850 med ordbøker og andre skrifter han gav ut. Målet med nynorsken var å skape eit skriftspråk bygd på dei norske dialektane, og det skulle komme i staden for dansken i Noreg. Det gjekk ikkje riktig slik, prosjektet stoppa på halvvegen. Mykje som ein reaksjon mot den nynorske framveksten vart dansken fornorska til det bokmålet vi har i dag, slik at vi fekk to nokså nærståande standardspråk som er innbyrdes forståelege. Bokmål og nynorsk er offisielt jamstilte skriftspråk, også kalla *målformer*, og har vore det sidan 1885. Bokmålet har heile tida vore dominerande trass i at nynorsken ei tid hadde stor framgang. Etter noko tilbakegang etter andre verdskrigen er stillinga til nynorsk no konsolidert. Den reelle statusen i dag er at 15 % av skuleelevane har nynorsk som opplæringsmål, og 1/4 av kommunane og skulekretsane har valt nynorsk. Statsorgan skal bruke minst 25 % bokmål og nynorsk i offentleg informasjon, men mange av dei bruker altfor lite nynorsk. Den offisielle språkpolitikken går ut på at vi skal bli tospråklege, alle skal lære begge målformene i skulen, på pass og førarkort står det både "Norge" og "Noreg", dei fleste ser noko fjernsynsteksting på nynorsk (i NRK) osv. Vi kan seie at nordmenn flest er aktivt eller passivt tospråklege – då bruker vi "tospråkleg" sjølv om bokmål og nynorsk knapt kan kallast to ulike språk, men heller varietetar av same språket. Nynorskbrukarar er gjerne aktivt tospråklege og skriv begge målformene greitt, bokmålsbrukarar er meir passivt tospråklege. Bokmål og nynorsk har påverka kvarandre gjensidig, og offisiell språkpolitikk på 1900-talet har ført målformene nærare saman i rettskriving, bøyning og i ordtilfang.

## Om tospråkleg leksikografi i Noreg

Dei mest skilsetjande verka i norsk leksikografi er Ivar Aasen: *Ordbog over det norske Folkesprog* frå 1850 og den mykje omarbeidde utgåva *Norsk Ordbog* frå 1873. Den fulle tittelen på ordboka frå 1873 er *Norsk Ordbog med dansk Forklaring*. Ordboka er altså tospråkleg og og i ein viss forstand internordisk, det nye skriftspråket måtte forklarast med det skriftspråket som fanst i Noreg på den tida, dansk.

På 1800-talet vart det brukt danske tospråklege ordbøker i Noreg frå t.d. tysk og fransk. Særleg etter at Noreg vart sjølvstendig i 1905, vart det satsa på ordbøker til og frå bokmål. Vi fekk bl.a. ein serie med Gyldendals blå ordbøker. Det vanlege har vore at bøkene har hatt *norsk* i boktitlane utan at forlaga har opplyst at det er bokmål det dreier seg om, og utan å problematisere at nynorsk ikkje er med. Bokmålet i ordbøkene har gjerne vore i eldre, uoffisiell form, riksmål.

På nynorskhaldd har det òg vore ein stor innsats for å gje ut tospråklege ordbøker. Først på 1900-talet fekk vi større tospråklege ordbøker mellom dei store skulespråka og nynorsk. Det kom ei latinsk ordbok til nynorsk, og ei *Gamalnorsk ordbok* i eitt band, i seinare utgåver med namnet *Norrøn ordbok*. Ho har ekvivalentar på nynorsk, til dels valde ut frå omsyn til danske og svenske brukarar. Også ordbøkene med nynorsk som målspråk har i dei fleste tilfella *norsk* i tittelen.

## Haugen-metoden

Rettskrivingsreformene på 1900-talet gjorde bokmål og nynorsk meir like enn dei var før, og ideen om eit samnorsk språk hadde ei viss oppslutning. Dei to målformene vart samla første gongen i Haugen 1965: *Norsk-engelsk ordbok*. Der er bokmåls- og nynorskord alfabetiserte saman i lemmalista. Dei fleste orda er fellesord, og dei er umarkerte, mens særspåklege ord og former er markerte med eigne symbol i ordboka. Symbola er \* for nynorsk og + for bokmål, t.d.

\*eg +jeg  
+ikke \*ikkje

Hovudredaktør for ordboka var norsk-amerikanaren Einar Haugen. Boka har komme i fleire utgåver, og framgangsmåten med felles lemmaliste har danna skule for tospråklege ordbøker med norsk som kjeldespråk.

Dag Gundersen, som var ein av redaktørane for Haugen (1965), gav i 1966 ut ei større rettskrivingsordliste for norsk, *Norsk ordbok*, etter same prinsippet som i den nemnde norsk-engelske ordboka, altså med bokmål og nynorsk i same lemmalista. Her òg er bokmål og nynorsk behandla på like fot, bl.a. med parallelle forord. Symbolbruken er den same som i Haugen (1965):

**jag**et  
 \***jagar**|en jfr +**jager** (-fly)  
**jagle** -a/+de/+et  
 +**jager**|en fl -e[r], bf -ne jfr \***jagar**

I nynorsk er infinitivsendinga valfritt *-a* eller *-e*, t.d. *jaga/jage*. Haugen og Gundersen valde e-infinitiv, som er felles med bokmål, og som også er den mest brukte i nynorsk i dag. Dersom ein bruker a-infinitiv, får ein færre samformer.

Etter 1960-talet har vi hatt ein heil del rettskrivingssendingar både for bokmål og nynorsk, og dei to målformene har ikkje nærma seg til kvarandre i særleg grad, heller tvert om. Det har dermed ikkje vorte enklare å lage fellesnorske ordlistar.

## Fagordbøker

Dei fleste norske fagordbøker bruker berre bokmål, men mange av ordbøkene frå Rådet for teknisk terminologi har nynorske termar, det same har t.d. *Norsk dataordbok*. Nokre få ordbøker er redigerte på nynorsk, det gjeld m.a. *Norsk landbruksordbok*. Der er oppslagsorda både på bokmål og nynorsk, og dei er førte opp med ein liten n for nynorsk og ein liten b for bokmål, mens samformer er umarkerte:

<sup>n</sup>lausøyre -et <sup>b</sup>-øre, <sup>b</sup>løsøre  
 lauv -et <sup>b</sup>løv

I tillegg til norsk har ordboka termar på dansk, islandsk, svensk, samisk, engelsk og tysk. *Nordisk leksikografisk ordbok* har oppslagsord og definisjonar på bokmål og ekvivalentar på dansk, finsk, islandsk, nynorsk, svensk, engelsk, fransk og tysk. Her er nynorsk behandla som eit eige nordisk språk på linje med dei andre.

## Skandinaviske grunnordlister og Skandinavisk ordbok

Nordisk språksekretariat gav ut grunnordlister mellom dei skandinaviske språka i 1988–1989. Desse ordlistene er baserte på frekvensundersøkingar av kjeldespråka. Ordlistene legg vekt på det som er ulikt i kvart språkpar, og på det som i det heile kan vere vanskeleg for grannespråksbrukarar. Det kom ut tre par ordlister. Sidetalet i dei er illustrerande:

norsk-svensk	44 s.	svensk-norsk	45 s.
dansk-svensk	44 s.	svensk-dansk	43 s.
norsk-dansk	43 s.	dansk-norsk	19 s.

Her er det den siste som skil seg ut med lågt sidetal. Norsk og dansk er eit ujamnt par. Bokmål har dansk opphav, slik at mykje er likt i dansk og bokmål.

I Lindgren ofl. (1994) er norsk kjeldespråk i ein tredel av boka, med dansk og svensk målspråk. Eigne bokmåls- og nynorskformer er der med i tillegg til fellesformene. Til skilnad frå andre ordbøker er det ikkje eigne symbol ved dei særskilte formene. Nynorskforma **eg** er såleis ikkje markert på annan måte enn fellesforma **eføy**:

**eføy**

*da* efeu, vedbend

*sv* murgröna

**eg**

*da* jeg

*sv* jag

I dei to andre delane av boka er bokmål målspråk for høvesvis dansk og svensk. Denne ordboka ligg ute på Internett, og kjem i ny utgåve i 2001.

## Ordbøker mellom dansk og norsk

### *Dansk-norsk*

Det finst fleire eldre ordbøker frå dansk til norsk. Ivar Aasen arbeidde med ei dansk-norsk ordbok fram til 1883, men boka vart først gjeven ut i år 2000. Som ekvivalentar til dei danske orda førte han opp meir og mindre vanlege norske ord; i dag vil vi nok seie at mange av dei danske orda har halde seg i norsk:

*Gemal, Make, Mann*

*genere*, v. lessa, bry, møda  
*generøs*, mild, manndomsam, raust  
*gjennembore*, stinga igjennom  
*Gjenvei*, Beinveg, Snarveg

Ei ordbok som derimot kom ut på den tida, var Knudsen 1881. Denne store fornorskingsordboka fekk ikkje særleg innverknad på språkbruken i ettertida. Tidleg på 1900-talet kom det ut to noko større ordbøker med tittelen *Dansk-norsk ordbog* om lag samstundes, Schjøtt (1909) og Vidsteen (1907). Kjeldespråket i dei er ikkje berre dansk slik det vart brukt i Danmark på den tida, men òg dansk brukt i Noreg, dvs. "dansk-norsk" eller riksmål/bokmål, som det vart heitande. Målspråket i dei er (eldre) nynorsk, på den tida kalla landsmål. Det har også seinare komme ut fleire ordbøker og ordlister frå bokmål til nynorsk, særleg til skulebruk.

Av nyare hjelpemiddel frå dansk til norsk finst det berre ei grunnordliste, Ulset (1989). Målspråket der er nynorsk. Tre spreidde artiklar:

**tie** *tav*, *tiet* teie

**tosset** galen

**underkop** skål

Verbet **tie** har same infinitivsforma i dansk og bokmål, mens nynorsk har *teie*. Her er truleg den danske preteritumsforma *tav* grunnen til at ordet er med som oppslagsord. Valet av nynorsk som kjeldespråk har neppe vore avgjerande for utvalet av ord i ordlista.

### *Norsk-dansk*

Ordbøkene til Ivar Aasen (1850/1873) og til Hans Ross går frå norsk til dansk, men målgruppa var ikkje primært danskar. Mykje seinare tok Fondet for dansk-norsk samarbeid initiativet til ei moderne ordbok frå bokmål/riksmål til dansk, Christiansen (1955). Bakgrunnen for at ho vart laga, var ønske frå dansk side om å kunne lese norsk litteratur på originalspråket. Bokmålet hadde fjerna seg mykje frå dansk, og den felles dansk-norske bokmarknaden eksisterte ikkje lenger. Ifølgje forordet inneheld boka prinsipielt "kun de særnorske ord, ordformer og vendinger i *riksmål*stekster efter 1814, som ikke findes i moderne dansk rikssprog, eller som har en anden betydning i dette, og medtager altså ikke ord, som blot forekommer i tekster på landsmål (nynorsk)."



Ordboka er rik på (nord)norske dialektformer og ikkje-standardformer i det heile, t.d. pronomenerna *dokker* og inkjekjønnsordet *hau*, også former som er standardformer i nynorsk, t.d. "eg", "kjem" og "ikkje". Dei er alle merkte som "folk.". Då ordboka skulle trykkjast opp att i 1987, vart det i tillegg utarbeidd ei lita nynorsk-dansk ordliste. Denne ordlista har med dei vanlege pronomener og andre funksjonsord i nynorsk i tillegg til sentrale og frekvente ord elles. Ordboka og ordlista er ikkje samalfabetiserte, men utsnitt av begge kan vise korleis ordlista supplerer ordboka:

<i>Norsk-dansk ordbog</i>	<i>Nynorsk-dansk ordliste</i>
<b>di</b> pron. hunk. (folk.) din. <b>I. di</b> pron., hunk. af <i>din</i> .	
<b>diagonal gang</b> ...	<b>II. di</b> adv. des, desto <i>di – di jo – jo</i> , desto – jo
<b>dibbe</b> ...	
<b>dielse</b> ...	
	<b>difor</b> el. <b>derfor</b> adv. derfor
<b>diger</b> ...	
<b>diger dauen, -døden</b> ...	

Grunnordlista Bruland (1989) inneheld om lag 700 oppslagsord, dei fleste felles for bokmål og nynorsk. Bokmål er merkt med B, nynorsk med N:

**gjere**<sup>N</sup> gjøre  
**gjeter**<sup>N</sup>, **gjeter**<sup>B</sup> hyrde  
**glad** være glad i holde af

## Ordbøker mellom svensk og norsk

### *Norsk-svensk*

Frå norsk til svensk har vi fleire nokså ulike hjelpemiddel. Det suverent største er Fowler mfl. (1992). I rettleiinga står det at ordboka

vänder sig i första hand till svenska användare. Följaktligen har tonvikten lagts på ord som kan vålla problem för svenskar när de läser eller hör norska. Ordboken innehåller därför först och främst sådana ord som antingen är helt främmande för svenskt allmänspråk eller som på ett eller annat sätt skiljer sig från svenskan i fråga om stavning, böjning, konstruktion, betydelse eller uttal.

Ordboka omfattar bokmål og nynorsk, både i oppslagsformer og bøyingar. Det er gjort utførleg greie for bøyingsmønster i bokmål og nynorsk. Særskilte former er merkte med ein B eller N etter forma:

**heima[n]frå** *adv N* hemifrån  
**heime** *adv* hemma; ...  
**heimelaga** *a46* hem[ma]gjord  
**hjemme** *adv B* = heime

Når eit ord har fleire valfrie former, er hovudbehandlinga mest mogleg samla under den forma som er felles for bokmål og nynorsk. I bokmål er *heime/hjemme* valfrie former, og då er det under oppslaget *hjemme* berre vist til hovudartikkelen *heime*, som også er den nynorske forma.

Grunnordlista Rekdal (1988) har òg oppslagsord som er anten samformer, reine bokmålsformer (merkte med <sup>+</sup>) eller reine nynorskformer (merkte med <sup>°</sup>):

**gut<sup>°</sup>, gutt<sup>+</sup>** pojke  
**gøy** *skoj gjere noko på gøy*

Beckman 1946 og seinare utgåver har òg først og fremst med slike ord som er ulike i norsk og svensk. Oppslagsorda har for det meste bokmålsform, men det er teke med ein del særnynorske former, merkte med *N*. Bokmålsord og fellesord er umerkte. Døme frå Beckman 1978:

**iboende** inneboende; ...  
**ibuar** *N* invånare

I Wessén (1959) er kjeldespråket bokmål. Dahl og Lindström (1965) er bygd på Wessén og supplerer den med nynorske ord og fleire fellesord. Redaktørane skriv i forordet: "På så sätt skulle de båda ordlisterna supplera varandra och med fördel kunna användas samtidigt." To korte utsnitt frå same alfabetiske område i dei to bøkene:

<i>Wessén</i>	<i>Dahl og Lindström</i>
<b>ange</b> doft, vällukt	<b>anga</b> dofta
<b>angivelse</b> oppgift	
<b>angel</b> metkrok	

Sidan Dahl og Lindström er utarbeidd som eit supplement til ei eksisterande ordliste, er ho ein parallell til den nynorsk-danske ordlista som er nemnd ovanfor.

*Svensk-norsk*

Her har lista frå Nordisk språkråd over internordiske ordbøker seks titlar. Det er for det meste noko mindre ordbøker, og ingen er særleg nye. Målspråket er bokmål i alle ordbøkene, også i grunnordlista Börestam og Rekdal (1989). Eg må her ta atterhald om at eg ikkje har fått sett på alle utgåvene av ordbøkene.

### Ordbøker mellom islandsk og norsk

Mellom islandsk og norsk er det fire ordbøker av nyare årgang, to i kvar retning, og dei er mellomstore i omfang.

#### *Norsk-islandsk*

Av dei to bøkene med tittelen *Norsk-islandsk ordbok* (dei har også islandsk tittel) er Einarsson (1987) klart størst i talet på oppslagsord. I utsnittet *abbed-age* har Einarsson (1987) 114 oppslagsord, mens Orgland og Raastad (1993) har 30. I oppføringa av oppslagsorda følgjer Einarsson Haugen-metoden: Fellesord er umarkerte, mens han bruker markeringa + for bokmål og ein tom firkant □ for nynorsk, t.d.

**ferdiglaga** – (= +/laget)  
 tilbúinn ...  
 + **feriepenger** ft. (=□ -ar)  
 + **ikke** ekki, ...  
 □ **ikkje** s. **ikke**: ekki

I døma i ordartiklane er det oftast bokmål som er brukt. I forordet i boka skriv redaktøren:

I den islandske og norske ordbokslitteraturen har det til nå ikke funnes noen norsk-islandsk ordbok, et forhold som nok delvis skyldes den omstendighet at norsk skriftspråk består av to offisielle målformer, bokmål og nynorsk, noe som vanskeliggjør utarbeidelsen av et ordboksverk med norske oppslagsord om begge målformer skal tas med. Dertil kommer at man på grunn av likheten mellom dansk skriftspråk og norsk bokmål, både når det gjelder ordtilfang, bøyingsverk og ortografi, lenge har kunnet ty til dansk-islandske ordbøker. Det har dog alltid vært en nødløsning, særlig for islendinger.

Orgland og Raastad (1993) likestiller bokmål og nynorsk som oppslagsord på ein meir systematisk måte enn Einarsson. Også her er

fellesord for bokmål og nynorsk umarkerte, mens særskilte former er viste etter dette mønsteret, som er sett opp i ei rute nedst på kvar høgre side i ordboka:

Rett skrift = **samform**  
 Rett skrift med \* etter ordet =  
**bokmål\***  
 Kursiv (skrånkrift) = *nynorsk*

Døme:

**garnison**/en (**fast mannskap**) setuli> n  
**gartnar**/en, **gartner**\*/en gar>yrkjuma>ur m

### *Islandsk-norsk*

Den eldste av dei to ordbøkene frå islandsk til norsk, Víglundsson og Lehmann (1967), har også tittel på islandsk. Målspråket i ordboka er nynorsk, i ei eldre, tradisjonell form frå tidleg på 1900-talet. Valet av ekvivalentar på målspråket følgjer ein regel som er formulert slik: "Av norske ord er dei sette fyrst som er mest like på det islandske oppslagsordet, deretter andre." Det vil seie at ordboka legg vekt på å vise slektskapen mellom islandsk og tradisjonell nynorsk, og det gjeld både i rettskriving og ordval.

Orgland og Raastad (1985) er eineståande på den måten at ho kombinerer bokmål og nynorsk som målspråk. Det er den einaste ordboka i dette utvalet som gjer nokon freistnad på det. Notasjonen er den same som i den norsk-islandske, døme:

**a>albláber** n blåbær  
**á>ur** *tidlegare*, \*tidligere; før  
**afrit** n avskrift, kopi  
**aftaka** f *avretting*, \*henrettelse

Til samanlikning har Víglundsson og Lehmann (1967) dette under dei to siste oppslagsorda ovanfor:

**afrit** n avrit, avskrift, kopi  
**aftaka** f avretting

Den norske ekvivalenten *avrit* står som oppslagsord i Nynorskordboka, men er lite kjent i forhold til dei to andre synonyma. For mange bru-

karar vil denne måten å velje ut ekvivalentar på vere uvanleg og lite opplysende, til dels misvisande.

### Ordbøker mellom færøysk og norsk

Det finst éi ordbok mellom norsk og færøysk, Lehmann (1987). Boka har også færøysk tittel. Redaktøren er norsk, og han har fått "råd og rettleidingar" av færingen Johan Hendrik Poulsen, står det på tittelbladet. Målspråket er som i Víglundsson og Lehmann (1967) nynorsk i ei eldre, tradisjonell form. Denne rettskrivinga ligg nærare færøysk enn moderne nynorsk gjer. Også valet av norske ekvivalentar peikar i same retning, å vise slektskapen mellom færøysk og tradisjonell nynorsk. Døme:

**følna** folna, visna

Det færøyske verbet **følna** har vi i norsk i forma *folna*, eller *folne* med e-infinitiv. Ordet står både i bokmåls- og nynorskordbøker, men det er *visna/visne* som er det allment kjende ordet, og det burde ha vore ført opp som første ekvivalent. For å ta eit anna døme: Verbet **ganga** har fått ein brei omtale med mykje fraseologi, som i stor grad er den same i færøysk og (ny)norsk.

### Ordbøker mellom finsk og norsk

Den første ordboka mellom finsk og norsk er lommeordboka Farbregd og Kämäräinen (1978), som er bidireksjonal. Boka vart laga mest for finske brukarar, og den norsk-finske delen er difor størst. Der er storparten av oppslagsorda på bokmål, mens det er nokre hundre nynorske ord (merkte med *nn.*), i mange tilfelle med tilvising til mot-svarande bokmålsord (som *ikkje* under):

**ikke** *ei*; ~ jeg heller *en minäkään*; ...

**ikkerøyker** ...

**ikkje** *nn.* ks. *ikke*

I den finsk-norske delen er ekvivalentane på bokmål. Farbregd og Kämäräinen (1996) er ei fullstendig omarbeiding av den første ordboka.

Det norske kjelde- og målspråket er som i 1978-utgåva. I eit tillegg er det opplysningar om bøyingsmønster i bokmål og nynorsk.

I Farbregd og Seppinen (1993 og 2000) er også dei norske ekvivalentane på bokmål. I innleiinga til bøyingskapitlet står det opplyst at vi har to målformer i Noreg, *kirjanorja* (boknorsk) og *uusnorja* (nynorsk).

## Ordbøker mellom samisk og norsk

I tillegg til dei ordbøkene som er førte opp i litteraturlista, finst det mindre ordlister og ordbøker for skulebruk.

### *Norsk-samisk*

I Frette (1975) er kjeldespråket bokmål:

**eiendel** s. -en æi'go-oassi s

**eiendom** s. -men åbmudat kk g

I Kåven mfl. (2000) er òg oppslagsorda på bokmål. Denne ordboka er så fylldig at ho dekkjer større delar av det felles ordtilfanget, t.d. **kregde** og **kvitbladtistel**. Valfrie former i bokmål er med til ein viss grad, og dermed er visse nynorske former òg med. Det gjeld t.d. **likning/ligning**. Desse to oppslagsorda har fått nesten like artiklar. Derimot er dei valfrie bokmålsformene **rekne** og **raud**, som samtidig er nynorskformer, ikkje oppslagsord. Frette (1975) har parallelle forord på norsk og samisk, Kåven mfl. (2000) har forord på norsk.

### *Samisk-norsk*

I dei fire titlane i litteraturlista er målspråket bokmål. Nielsen og Nesheim (1932–1962) har engelsk som første målspråk:

**âc'cat** ... begin to rise (of flowing tide) | begynne å stige (om havvannet ved begynnende flo) ...

## Avslutning

Gjennomgåinga av dei undersøkte ordbøkene viser eit skiftande bilete av språkbruken. Bokmålsbrukarar har flest hjelpemiddel på si målform, men særleg som kjeldespråk har nynorsk ein viss plass. Det ideelle hadde sjølvsagt vore at kvart språkpar hadde tospråklege ordbøker både på bokmål og nynorsk, men det er lite realistisk.

Sidan nordmenn flest, særleg nynorskbrukarar, er tospråklege, kan vi alle bruke ordbøker der målspråket er berre bokmål eller berre nynorsk. Ein kan seie at det er utanlandske brukarar som har mest bruk for opplysningar om nynorsk, og difor er det viktigast at nynorsk er med som kjeldespråk. Full likestilling av bokmål og nynorsk som kjeldespråk er plasskrevjande, det krev ein særleg notasjon og mykje bruk av tilvisingar. Det kunne vere nyttig å ha brukarundersøkingar som fortel om ordbøkene svarer til forventningane. I elektroniske ordbøker skulle det vere lettare å gje plass til både bokmål og nynorsk, og brukarane kan få høve til å velje mellom dei.

## **Litteratur**

### ***1. Nyare allmennspråklege internordiske ordbøker***

*Dansk*

Norsk-dansk

Bruland, Skirne Helg 1989: *Norsk-dansk ordliste*. Nordisk språksekretariat og Bokklubben Norden. 43 s.

Christiansen, Hallfrid mfl. 1955: *Norsk-dansk ordbok/Norsk-dansk ordbog*. Nytt opptrykk 1971. Ny utg. 1987, 587 s. med 23 s. tillegg nynorsk-dansk ordliste. Oslo: Kunnskapsforlaget. København: Paludan.

#### Dansk-norsk

Ulset, Tor 1989: *Dansk-norsk ordliste*. Nordisk språksekretariat og Bokklubben Norden. 19 s.

#### *Finsk*

Farbregd, Turid og Aili Kämäräinen 1978: *Finsk-norsk-finsk ordbok*. Oslo: Kunnskapsforlaget. Helsingfors: WSOY. 2. utg. 1985. 636 s. 1978.

Farbregd, Turid og Aili Kämäräinen 1996: *Finsk lommeordbok. Finsk-norsk-finsk / Suomi-norja-suomi taskusanakirja*. Oslo: Kunnskapsforlaget. Helsingfors: WSOY. 3. opplag 2000. 825 s.

Farbregd, Turid og Hannele Seppinen 1993: *Finsk-norsk ordbok / Suomi-norja sanakirja*. Oslo: Universitetsforlaget. 271 s. 2. utg. Unipub 2000. 358 s.

#### *Færøysk*

Lehmann, Eigil 1987: *Færøysk-norsk ordbok / Føroysk-norsk orðabók*. Bjørgvin: Sunnmøre Vestmannaalag. 388 s.

#### *Islandsk*

#### Norsk-islandsk

Einarsson, Hróbjartur 1987: *Norsk-islandsk ordbok / Norsk-íslensk orðabók*. Universitetsforlaget. 2. utg. 1995. 446 s.



Orgland, Ivar og Raastad, Frederik 1993: *Norsk-islandsk ordbok / Norsk-íslensk orðabók*. Oslo: NKS-Forlaget. 333 s.

#### Islandsk-norsk

Orgland, Ivar og Frederik Raastad 1985: *Islandsk-norsk ordbok*. Oslo: NKS-Forlaget 2. utg. 1992. 281 s.

Víglundsson, fi. og Eigil Lehmann 1967: *Islandsk-norsk ordbok / Íslensk-norsk orðabók*. Bergen: Sunnmøre Vestmannalag. 380 s.

#### *Samisk*

##### Norsk-samisk

Frette, Thor 1975: *Norsk-samisk ordbok. Dárugiel-sámigiel sádnigir'ji*. Universitetsforlaget 1975. 203 s.

Kåven, Brita mfl. 2000: *Stor norsk-samisk ordbok. Dáru-sámi sátnegirji*. Karasjok: Davvi Girji. 727 s.

##### Samisk-norsk

Bergsland, Knut og Lajla Mattson Magga 1993: *Åarjelsaemien-daaroen baakoegærja / Sydsamisk-norsk ordbok*. 1. utg. 365 s.

Jernsletten, Nils 1983: *Álgosátnegirji: sámi-dáru sátnegirji / Samisk-norsk ordbok*. Universitetsforlaget. 2. utg. 1988. 4. utg. Davvi Girji 1994. 110 s. 1994.

Kåven, Brita mfl. 1995: *Sámi-dáru sátnegirji / Samisk-norsk ordbok*. Karasjok: Davvi Girji. 633 s.

Nielsen, Konrad og Asbjørn Nesheim 1932–1962: *Lappisk ordbok / Lapp dictionary*. Nytt opptrykk 1980. 5 bind.

#### *Skandinavisk*

Lindgren, Birgitta, Sindre Helg Bruland, Allan Karker og Ståle Løland  
1994: *Skandinavisk Ordbok*. Oslo: Kunnskapsforlaget. (også utg. i  
Da. og Sv.) Nordisk språksekretariat. 118 s.

### *Svensk*

#### Norsk-svensk

Beckman, Natanael mfl. 1946: *Norsk-svensk ordbok, för bokspråk och  
landsmål*. Stockholm: Carlssons bokförlag. Ny utg. *För bokmål och  
nynorska* 1970. Ny utg. *Norsk-svenska ordboken*. Norstedts 1978.  
210 s.

Dahl, Herleiv og Göran Lindström 1965: *Nynorsk-svensk ordlista*.  
Skrifter utgivna av Modersmålsläraernas förening. Lund: Gleerup. 64  
s.

Fowler, Birgitta og Kjell Ivar Vannebo i samarb. med Lena Moberg  
1992: *Norsk-svensk ordbok / Norstedts norsk-svenska ordbok*. Oslo:  
Kunnskapsforlaget. Stockholm: Norstedts. 547 s.

Rekdal, Ella Olaug 1988: *Norsk-svensk ordlista*. Nordisk språk-  
sekretariat og Bokklubben Norden. 44 s.

Wessén, Elias 1959: *Norsk-svensk ordlista*. Skrifter utgivna av  
Modersmålsläraernas förening. 9. opplag. Lund: Gleerup. 93 s. 14.  
opplag 1972. 138 s.

#### Svensk-norsk

Bjørnsen, Hilde 1978: *Svensk for norske tv-seere*. Grøndahl. 80 s.

Börestam, Ulla og Ella Olaug Rekdal 1989: *Svensk-norsk ordliste*.  
Nordisk språksekretariat og Bokklubben Norden. 45 s.

Qvist-Eriksen, Svein 1980: *Svensk-norsk ordbok*. Rud: NKI-forlaget.  
249 s.

Remens, Eva og Philip Houm 1942: *Svensk-norsk ordliste*. Gleerups. 6.  
utg. 1980. 80 s.

Sandvei, Marius 1936: *Svensk-norsk ordbok*. Oslo: Fabritius. 2.  
utg. 1979, 3. utg. 1989. 184 s.

*Svensk-norsk ordbok 1981*. Kunnskapsforlaget. 223 s. 6. opplag 1999.

## 2. Andre ordbøker

- Bergholtz, Henning mfl. 1997: *Nordisk leksikografisk ordbok*. Oslo: Universitetsforlaget. Skrifter utgitt av Nordisk forening for leksikografi. Skrift nr. 4. 348 s.
- Bondevik, Jarle, Oddvar Nes og Terje Aarset (red.): *Dansk-norsk Ordbog av Ivar Aasen*. Skrifter frå Ivar Aasen-selskapet. Serie A. Tekster. Nr. 10. Norsk Bokreidingslag, Bergen 2000.
- Gundersen, Dag 1966: *Norsk ordbok. Bokmål og nynorsk*. Universitetsforlaget. 247 s.
- Haugen, Einar (hovudred.) 1965: *Norsk-engelsk ordbok*. Oslo: Universitetsforlaget. 4. utg. 1996. 500 s. 1965, 533 s. 1996.
- Heggstad, Leiv, Finn Hødnebo og Erik Simensen 1990: *Norrøn ordbok*. Oslo: Det Norske Samlaget. 4. utg. 518 s.
- Hofstad, Knut, Ståle Løland og Per Scott 1987: *Norsk dataordbok*. Oslo: Universitetsforlaget. 6. utg. 1997. 455 s.
- Hovdenak, Marit o.a. (red.) 1986/1993: *Nynorskordboka*. Oslo: Det Norske Samlaget. 755 s. (1993).
- Knudsen, Knud 1881: *Unorsk eller norsk eller fremmedords avløsning*.
- Rommetveit, Magne (red.) 1978: *Norsk landbruksordbok*. Bd. I–II. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Schøtt, S. 1909.: *Dansk-norsk ordbog*. Ny utg. 1926. 996 s.
- Vidsteen, Chr. 1907: *Dansk-norsk Ordbog*. 537 s.
- Aasen, Ivar 1850: *Ordbog over det norske Folkesprog*.
- Aasen, Ivar 1873: *Norsk Ordbog*.

## 3. Annan litteratur

- Fjeld, Ruth Vatvedt: Om ordbokskriminalitet og etikk i leksikografisk arbeid. I: *LexicoNordica* 1, 27–42.
- Gundersen, Dag 1986: [Melding av] Haugen, Eva L.: A Bibliography of Scandinavian Dictionaries. With an Introduction by Einar Haugen. New York: Kraus International Publications 1984. I: *Maal og Minne*, 90–94.
- Haugen, Einar 1984: Introduction. I: Haugen, Eva L.: *A Bibliography of Scandinavian Dictionaries*. New York: Kraus International Publications, 1–52.
- Hellevik, Alf 1979: "Ords-kattar". I: Hellevik, Alf: *Språkrøkt og språkstyring*. Oslo: Det Norske Samlaget, 9–21.
- Jónsson, Jón Hilmar 1995: Verbgrammatikk i islandske tospråklige ordbøker med islandsk som kildespråk. I: *LexicoNordica* 2, 65–78.

- Lindgren, Birgitta 1994: Skandinavisk ordbok – rapport från ett pågående projekt. I: Garde, Anna og Pia Jarvad (red.): *Nordiske studier i leksikografi II*. København, Nordisk forening for leksikografi, 159–165.
- Svensén, Bo 1987: *Handbok i lexikografi*. Stockholm: Esselte Studium/ Tekniska Nomenklaturcentralen.
- Vikør, Lars S.: Om "etisk" tittelbruk i ordbøker. I: *LexicoNordica* 2, 341–342.
- Vikør, Lars S. 2000: NFFs ordbokspris og ordbokslandskapet i Noreg. I: *Prosa. Faglitterært tidsskrift*. 1, 44–48.